# ***ULSBUSTUGU***

***Av Knut Raastad, skrivi i 2004***

*Ulsbustugu ligg i Nordherad, vest for Aabakken. Namnet vart i 1865 skrivi Ulfsbostuen. John Olsen Visdal 1809-1882 og ektefella Ingebor Olsdotter Svareplassen 1808-1885 er nemnd som busette i Ulsbustugu ved barnefødslar i åra 1844-1854 før dei starta i Rustom.*

*Frå 1854 og i alle fall til 1857 budde Hans Jacobsen Sandneshagen f. 1829 i Ulsbustugu, han var son til Jacob Paulsen Sandneshagen f. 1802 og Kari Jacobsdotter Sandneshagen f. 1804. Hans vart 1853 gift med Eli Andersdotter Snerleeie f. 1819, i 1862 var dei i Sandneshagen. Hans og Eli hadde barna*

*Kari f. 1854*
*Anders 1855-1855*
*Barbro f. 1857*
*Rannei f. 1862*

*Også syster til Hans budde i Ulsbustugu, Marit Jacobsdotter f. 1826 hadde utanfor ekteskap barna*

*Paul Torstensen f. 1854, faren var Torsten Vasnæsset frå Aaefjorden. Paul Torstensen Ulsbustuen flytta i 1882 til Lom, seinare til Amerika der han vart prest eller lesar, han hadde med Toline Heggerusten to barn*

*Kari Eriksdotter f. 1858, faren var gift mann Erik Knutsen Kathullet*

*Marit, barna og mora Kari budde i 1865 i Vetlberget.*

*I 1865 var Peder Svendsen føderådsmann med jord i Ulsbustuen. Han var tidlegare på Ulsbu, og det ser ut til at heile familien har flytta til underbruket i almenninga der han har teke att føderåd. Peder 1802-1875 vart i 1829 gift med Ingebor Olsdotter Nyrnes 1812-1889 og dei hadde barna*

*Ingeborg 1830-1830*
*Imbjør 1831-1832*
*Svend 1833, neste brukar*
*Ole f. ca. 1836*
*Mari f. 1840*
*Nils f. 1843, til Sunnmøre*
*Imbjør 1847-1847*
*Peder f. 1848, til Sunnmøre*
*Anne f. 1851, gift med Knut Knutsen, i nørdre Trolldalen*

*Svend Pedersen Ulsbustuen vart i 1865 gift med Margrethe Paulsdotter Bottemsbrekka frå Lesja 1830-1902. dei hadde barna*

*Ingeborg f. 1863, til Amerika*
*Paul f. 1866, døvstum, budde på nordgard Valde*
*Mari f. 1868, til Amerika*
*Imbjør f. 1870, døvstum, budde på nordgard Viste*
*Peder 1875-1954, døvstum, budde på Lye*

*Margrethe selde bruket til Petter Olsen Dalen 1844-1925 frå Nyhus og seinare Dalen i Synstlien. Petter vart i 1875 gift med Kari ner-Sveum 1848-1924, dei må ha flytta til Ulsbustugu mellom 1884 og 1895. Petter og Kari hadde barna*

*Johannes f. 1867, til Amerika*
*Marit f. 1872, til New York i USA i 1891*
*Kari, f. 1875, til Queback i Canada i 1893*
*Ole f. 1882, til New York i USA i 1900*
*Ragnhild f. 1884, til Amerika*
*Pål 1895-1916, døydde av blindtarmbetennelse vel 20 år gammal*

*I 1900 er Ulsbustugu nemnd som bygdealmenningsplass og Petter og Kari budde der saman med sonen Pål. Enkja Margarethe Paulsdotter hadde føderåd.*

*Petter selde bruket i 1918 til Jehans Runningen, Kari budde att der i mange år, men låg i astma. Jehans Runningen 1892-1982 var gift med Anne Groven 1896-1952, dei hadde barna*

*Ragnhild f. 1915, neste brukar*
*Bjarne f. 1922, gift med Marie Visdal*
*Kari f. 1924, gift med Jens Skogstad*
*Ragna f. 1927, gift med Pål Stokstad*
*Astrid f. 1930, gift med Sigurd Hølmo*

*I 1930 overtok dei Groven og flytte dit, dei brukte sidan båe bruka. Ei tid budde Mathias Mork med familie i Ulsbustugu.*

*Ragnhild Groven og mannen Jo Aabakken 1906-1976 overtok Ulsbustugu saman med Groven i 1964.*

*I 1875 var det i Ulsbustugu 1 ukse, 2 kyr, 2 kalvar, 5 sauer og 3 geit, medan det vart sådd 1 ½ tønne bygg. Ti år før hadde dei hest også.*

*Kjelder: J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 24*
*Norsk Gardsbruk 1953 – 1997*
*K.B.Storvik 1999: Draumen om eit bedre liv, s. 30*
*Folketelling 1865, 1875, 1900*
*Utskrifter kyrkjebok for Vågå*
*Ragnhild Aabakken Groven: munnleg fortald*